



## Tilleggsinnkalling Kommunestyret

**Møtedato:** 14.05.2020  
**Møtested:** Teams-møte - evt. kantina kommunehuset  
**Møtetid:** 13:30 - 14:30

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no  
Varamedlem møter berre etter nærare innkalling

### Saksliste

| Saknr  | Tittel   |
|--------|--|
| 050/20 | Oppdatering av forskrift - vedtak i samband med Covid-19 |

Austrheim 14. mai 2020

Per Lerøy  
ordfører

Ketil Tjore  
møtesekretær

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg        | Type | Dato       |
|--------|---------------|------|------------|
| 050/20 | Kommunestyret | PS   | 14.05.2020 |

| Saksbehandler | Arkiv  | ArkivsakID |
|---------------|--------|------------|
| Ketil Tjore   | FA-X20 | 20/93      |

## Oppdatering av forskrift - vedtak i samband med Covid-19

### Vedlegg

Forskrift om stenging av campingplassar, bubilcamping, gjestehamner i samband med Covid-19  
Forskrift om delvis stenging av sanitæranlegg og fellesanlegg ved campingplassar, bubilcamping, gjestehamner i samband med Covid19

### Framlegg til vedtak:

1. Stenging av sanitæranlegg, for bruk av bubil/camping og båtturisme:

Tidlegare vedtak om stenging vert endra/avgrensa til å gjelda felles kjøkken, samt dusj- og vaskeanlegg.

Det vert opna for tilgang til toalett med handvask, med den føresetnad at verksemdene sikrar ivaretaking av smittevernhygiene, reinhald og vaskerutinar, helst dokumentert i internt kontrollskjema.

2. Opning for bruk av idrettsanlegg, erstattar tidlegare vedtak om dette gjort av kommunestyret:

Statlege smittevernreglar gjeld, med tillegg av spesifikke rettleiarar for godt smittevern i dei ulike idrettsgreinene.

Organisert idrettsaktivitet må til ei kvar tid drivast som skildra i desse rettleiarane.

### Saksopplysninger:

#### Bakgrunn

Kommunestyret har i samband med Covid 19/Korona gjort fleire vedtak om tiltak for å avgrensa smittespreiinga lokalt. I denne saka er det sett opp dei vedtak som i denne saka vert

erstatta/oppdatererte, og som erstattar tidlegare vedtak for dei ulike områda. Kommuneoverlege/ smittevernlege Peter Kubon har gjort desse vurderingane.

## Vurdering

- Orientering med omsyn til smittesituasjonen (per 13. mai 2020):
  - Siste veker er det ingen nyregistrerte med smitte i Nordhordland.
  - I alt er det så langt testa 67 personar i Austrheim kommune - alle negative.
  - Testkapasiteten vert auka jamt, med målsetnad om å bygga opp kapasitet til å testa kring 5 prosent av befolkninga kvar veke ved utgangen av mai 2020 (i Austrheim utgjer dette kring 150 testar kvar veke). Å bygga opp denne kapasiteten krev betydeleg organisering, og eventuelt forskyving av andre oppgåver. Samstundes er testbehovet per no, sjølv etter endra og i alt utvida kriterium mogleg å sikra, samstundes som ein ivaretek ordinær drift.

## Konklusjon

### 1. Stenging av sanitæranlegg, for bruk av bubil/camping og båtturisme:

Tidlegare vedtak om stenging vert endra/avgrensa til å gjelda felles kjøkken, samt dusj- og vaskeanlegg.

Sjølv om teltcamping er minimalt brukt i Austrheim kommune i dag kan dette auka i sommar. Samstundes er det opna for bruk av campingvogner, bubilar og båtovernatting.

Det vert opna for tilgang til toalett med handvask, med den føresetnad at verksemdene sikrar ivaretaking av smittevernhygiene, reinhald og vaskerutinar, helst dokumentert i internt kontrollskjema.

(Dialog og kontakt med aktuelle verksemdar, mellom anna via ordføraren, har vist seg svært nyttig for å sikre gode løysingar så langt.)

### 2. Opning for bruk av idrettsanlegg, erstattar tidlegare vedtak om dette gjort av kommunestyret:

Statlege smittevernreglar gjeld, med tillegg av spesifikke rettleiarar for godt smittevern i dei ulike idrettsgreinene.

Organisert idrettsaktivitet må til ei kvar tid drivast som skildra i desse rettleiarane.